



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	25.03.2019	19/037

## **Vedtak - søknad om dispensasjon - VA-trasé og tilbygg til fritidsbustad - gnr. 18, bnr. 143**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Gunnar Asting får dispensasjon frå kommuneplanen sitt forbod mot tiltak i 100-meterssona langs Bjoreio til å leggja VA-trasé. Planlagt trasé går fram av vedlagt kart.

Kommunen gjev dispensasjon på følgjande vilkår:

- Nøyaktig trasé og tilkoplingspunkt må avklarast med kommunen si VA-avdeling, og gå fram av byggjesøknaden
- Naturinngrepet skal vera minst mogleg, og terrenget skal tilbakeførast etter at gravearbeida er gjennomført.
- Eventuelle straumkablar skal liggja i same trasé som VA-leidningane.

Dispensasjon til VA-traseen vert gjeve i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

2. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sitt forbod mot tiltak i 100-meterssona langs Bjoreio til å føra opp tilbygg vert avslegen. Vilkåra i pbl § 19-2 er ikkje oppfylte.

Ytterlegare grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

### **25.03.2019 - Eidfjord formannskap**

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

### **FSK - 19/037 - Vedtak:**

1. Gunnar Asting får dispensasjon frå kommuneplanen sitt forbod mot tiltak i 100-meterssona langs Bjoreio til å leggja VA-trasé. Planlagt trasé går fram av vedlagt kart.

Kommunen gjev dispensasjon på følgjande vilkår:

- Nøyaktig trasé og tilkoplingspunkt må avklarast med kommunen si VA-avdeling, og gå fram av byggjesøknaden
- Naturinngrepet skal vera minst mogleg, og terrenget skal tilbakeførast etter at gravearbeida er gjennomført.
- Eventuelle straumkablar skal liggja i same trasé som VA-leidningane.

Dispensasjon til VA-traseen vert gjeve i samsvar med plan- og bygningslova § 19-2.

2. Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sitt forbod mot tiltak i 100-meterssona langs Bjoreio til å føra opp tilbygg vert avslagen. Vilråa i pbl § 19-2 er ikkje oppfylte.

Ytterlegare grunngeving går fram av saksutgreiinga.

**Desse har uttalt seg i saka:** Statens vegvesen, Fylkesmannen i Vestland.

**Særutskrift skal sendast til:** Gunnar Asting, Statens vegvesen, Fylkesmannen i Vestland.

**Endeleg avgjerd i:** Formannskapet

**Saka gjeld:**

Gunnar Asting har søkt om dispensasjon frå forbodet i kommuneplanen mot tiltak i 100-metersbeltet langs Bjoreio til å føra opp tilbygg og leggja VA-leidningar. Søknaden er ein rein dispensasjonssøknad, dvs. at fullstendig byggjesøknad for begge tiltaka må sendast til kommunen for separat handsaming dersom kommunen her skulle gje dispensasjon.

Hytta til Asting ligg i LNF-område innanfor 100-meterssona langs Bjoreio.

Først vurderer me spørsmålet om VA-trasé.

Etter pbl § 19-2 kan det ikkje gjevast dispensasjon dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert frå, eller omsyna bak lova si føremålsføresegn vert «vesentlig tilsidesatt.»

Ordlyden «vesentlig tilsidesatt» syner at sjølv om omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå kan måtta verta tilsidesette i ein dispensasjon, skal det ikkje skje i vesentleg grad.

Kommuneplanen seier ingenting om bakgrunnen for forbodet. Men i vurderinga av formålet bak planen sin 100-metersregel, kan ein nok sjå til formålet med pbl sitt forbod mot tiltak i «100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag», nedfelt i § 1-8. Eigentleg er dette forbodet berre gjenteke i kommuneplanen.

Grunngevinga for forbodet i lova er, som det kjem fram i forarbeida (ot.prp.nr.32 (2007-08), å ta omsyn til «natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.».

I lagmannsrettsdommen LA-2015-197645 utdjupar retten at «formålet med bestemmelsene er å beskytte allmennhetens interesser, natur, friluftsliv og naturmangfold. Allmennhetens interesser er blant annet relatert til ferdsel, naturopplevelse og rekreasjon.»

Forbodet har sjølv sagt samanheng med det faktum at mange ønskjer å byggja hus eller hytter nær sjø og vassdrag, og at dette fører til auka privatisering. Det fører igjen til at ålmenta sin tilgang til desse områda vert betydeleg avgrensa. Byggjeforbodet i strandsona er nok særleg mynta på bygningar, som er blant dei tiltaka som i størst grad privatiserer.

Plan- og bygningslova si § 1-1 nemner ytterlegare berekraftig utvikling, langsiktige løysingar, samt konsekvensar før miljø og samfunn. Både individet og fellesskapet sine interesser skal takast omsyn til, og bruk av ressursar skal vurderast i samanheng med samfunnsplanlegginga.

VA-leidingar ligg i bakken, og vil ikkje hindra friluftsliv, ferdsle eller ta opp synleg plass i terrenget. Det er dermed ikkje snakk om privatisering, slik det ville vera ved ein bygning. Sjølv sagt vil grøfta vera eit naturinngrep. Søkjar skriv likevel at han har planlagt traséen saman med kommunen si VA-avdeling for å finna den mest skånsomme traséen, og at anlegget vil liggja grunt i terrenget, noko som vil minimera naturinngrepet.

Kommunen kan ikkje sjå at VA-traséen vil tilsidesetja omsyna bak forbodsføresegna i vesentleg grad.

Det er likevel ikkje nok at omsyna bak føresegna ikkje vert vesentleg sett til sides. Føremonane ved dispensasjon må også vera «klart større» enn ulempene.

Spørsmålet er så om fordelane ved dispensasjonen er «klart større» enn ulempene.

Ordlyden i vilkåret tilseier at vanleg interesseovervekt ikkje er nok. Forarbeida til plan- og bygningslova, ot.prp.nr.32 (2007-08), utdjupar at det må «foreligge klar overvekt av hensyn som taler for dispensasjon.» Det vil normalt ikkje kunne gjevast dispensasjon «når hensynene bak bestemmelsen det søkes dispensasjon fra fortsatt gjør seg gjeldende med styrke.»

Søkjar skriv at tiltaket vil gje miljømessig vinning, idet eksisterande toalett og gråvassløysing kan verta sanert når tilkopling til offentleg kloakkanlegg skjer. Kommunen er samd i at dette er ein klar føremon. Når avlaupsvatn vert lagt i røyr, faller utsleppa til terrenget og elva bort. Slik det går fram av tilnærma alle reguleringsplanane i kommunen, ønskjer me også at flest mogleg bygg i Sysendalen skal vera knytt til eit offentleg godkjent VA-anlegg.

Me kan ikkje sjå at tiltaket gjev nemneverdige ulemper så lenge straum (som søkjar også ønskjer å leggja leidingar til) og VA-anlegget ligg i same trasé, og gravinga vert gjennomført på ein mest mogleg skånsom måte.

Etter kommunen sitt syn ligg det føre klar overvekt av hensyn som taler for dispensasjon når det gjeld VA-tiltaket.

Saka har vore til uttale hos Fylkesmannen, fylkeskommunen og Statens vegvesen. Fylkeskommunen har ikkje gjeve uttale. Fylkesmannen har ikkje merknadar utover at dei rår til at det vert sett som vilkår i ein eventuell dispensasjon at tilbakeføring/tilsåing skal skje når gravinga er ferdig.

Statens vegvesen rår i frå å gje dispensasjon. Dei grunnjev dette med at «det er uheldig å tillate utbyggingsaktivitet i eit område der arealbruk og andre juridiske plantilhøve ikkje er endeleg avklart.» Vegvesenet meiner at saka først bør gå til handsaming når kommunedelplanen for Sysendalen er endeleg vedteken.

Etter pbl § 19-2 bør ikkje kommunen gje dispensasjon når «når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.»

I ot.prp.nr.32 (2007-2008) i merknadane til dispensasjonsføresegna, heiter det at ein «negativ uttalelse» for det første skal gje klart uttrykk for at sektormyndigheita motset seg dispensasjonen. Vidare bør myndigheita syna til sitt mandat og dei statlege føringane ho skal følgja opp i området, og kva for konkrete tilhøve i søknaden som strir mot desse.

Vegvesenet rår frå dispensasjonen på bakgrunn av at kommunedelplanen for Sysendalen ikkje er vedteken enno, ikkje på bakgrunn av sitt mandat, som er å forvalta vegar. Vegvesenet har ikkje teke stilling til søknaden som sådan, og uttaler seg ikkje om innhaldet i han. Kommunen kan ikkje sjå at vegvesenet har gjeve negativ uttale i lova si forstand fordi me ikkje kan sjå at vegvesenet sett på det konkrete innhaldet i denne saka.

Kommunedelplanen som er under handsaming, tek føre seg heile Sysendalen. Det er ikkje innført mellombels forbod mot tiltak i dette området i påvente av eventuell ny plan.

Sjølv om dispensasjonssøknaden her gjeld tiltak i eit område som ikkje er detaljregulert, kan ikkje kommunen sjå at VA-tiltaket vil «vanskeliggjøre planarbeidet», sml. føresegna i pbl § 13-1 (1) og (2):

Til liks med gjeldande kommuneplan, er det også i forslaget til kommunedelplanen teke inn forslag om forbod mot tiltak 100 meter frå vassdrag. Regelen vil i det store og det heile vera den same etter gammal og eventuell ny plan.

Kommunen ser ikkje grunn til å utsetja handsaminga av saka.

Nabo er varsla, og har samtykka til tiltaket.

På bakgrunn av ovannemnde drøfting vel kommunen å gå inn for dispensasjon for å leggja VA-leidningar.

Vidare er spørsmålet om kommunen gjev dispensasjon for tilbygget.

Også dette ligg i 100-meterssona. Til forskjell frå VA-leidningane får tiltaket ein annan verknad. Det vert sjølv sagt synleg i terrenget.

Fordi det er snakk om eit tilbygg heller enn eit nytt bygg, kan kommunen ikkje sjå at omsyna bak forbodet mot bygging i 100-meterssona vert vesentleg tilsidesett: Hytta står der allereie, og tilbygget vil for ein stor del liggja vendt mot uthusa som

allereie står på tomte. Tunet vil ha mykje dei same eigenskapane som før, og kommunen kan ikkje sjå at friluftsliv, ferdsle eller naturmangfald vert påverka av eit tilbygg. Kommunen kan heller ikkje sjå at det har påverknad på elva og naturen rundt dersom det vert ført opp tilbygg.

Det avgjerande her for om dispensasjon kan gjevast er likevel om føremonane ved å gje dispensasjon for tilbygget er større enn ulempene.

Søkjær nemner behov for større plass når det vert lagt inn vatn i hytta, dessutan at tilbygget ikkje vil verta særleg synleg frå elva.

Sjølv om me forstår at søkjær ønskjer betre plass, meiner me likevel at dette ikkje er tilstrekkeleg grunn til å kunna gje dispensasjon. Det er heller ikkje nok at ein dispensasjon til eit tilbygg kanskje ikkje vil føra med seg nemndeverdige ulemper.

Me kan ikkje sjå at føremonane med å gje dispensasjon er større enn ulempene, og søknad om dispensasjon til å føra opp tilbygg til hytta vert avslegen.

Geir Underhaug  
rådmann

Pettersen, Louise Christine  
sakshandsamar

Rett utskrift: